

Krav om vatn til oppgangssag i samband med omsøkte konsesjon i Lyseelva kraftverk

Vernelaget for Grind er blitt kjende med at det er søkt om konsesjon til å byggja småkraftverk i Lyseelva i Tørvikbygd.

Dette vil redusera vassmengda i Grindsfossen, og difor gje store ringverknader både for bruken av sag og kvernhus. Det vil og øydeleggja det unike miljøet desse gamle bygningane har sett sitt preg på over lange tider. Saga er ei enkeltblada sag som har vore i drift frå 1885 til 1956, og har difor ein historisk og høg kulturminne verdi.

Grindsfossen dannar grunnlaget for både kvern og sagmiljø, og manglande vatn i fossen vil øydeleggja miljøet, og bruken av kulturminna.

Miljøet i dag består av to kvernar, ei frå 1600 talet og ei frå 1880 åra. Den siste er nyrestaurert og kan i dag brukast til å male korn. Saga er frå 1885 og var ferdig restaurert i 2004, og har vore i bruk til demonstrasjons skjering kvart år sidan.

I 2013 vart det skore ca. 600 meter material til reparasjonsarbeid til Verdsarven Bryggen i Bergen. . Oppdraget fekk me fordi materialen skulle vera skur frå einblada oppgangssag.

Bryggen i Bergen er bygd med denne typen material, som stammar frå dei fyrste oppgangssagene som vart bygde i landet i mellomalderen. Det har og vorte produsert material til andre verneverdige bygningar lokalt

Vernelaget har kunna ta i mot oppdrag fordi me har kunna bruka saga når det har vore normal vassføring. Vernelaget ser ikkje korleis me kan drifta denne unike kulturarven, utan tilstrekkeleg vassføring .

Fossen, kvernene og saga dannar eit teknisk kulturminne som har høg kulturminneverdi. Me veit og at miljøet vert sett stor pris på av mange som ferdast i området .

Staden ligg og slik til at det er lett å koma til, fordi det ligg skogsbilveg like ved. Miljøet har såleis tilkomst for funksjonshemma, og det er ein historisk og spanande plass for etterkomarane våre.

I 2004 vart Grindssaga tildelt Kvam herad sin kulturpris.

Fylkeskonservatoren er oppteken av vassføring i samband med drift, men like viktig er kulturopplevinga av staden året rundt. Fossen er viktig for å forstå kulturminnet , og formidla korleis arbeidet i tildlegare tider vart utført. Difor er det ikkje berre når saga er i drift at ho er eit kulturminne.

Jf. Brev til Vernelaget frå Kulturminnevernavdelinga i fylkeskommunen frå 30.04.14. Kopi av brevet er vedlagt.

Me krev att vassinntaket til småkraftverket vert flytta nedom fossen, slik at fossen får renna slik som i dag.

Vernelaget for Grindssaga er og kjende med at det føreligg uttale frå Tørvikbygd Ungdomslag sitt museumsstyre, og frå tidlegare medeigar Lars Olav Augustad.

Med helsing

Styret i Vernelaget for Grindssaga

